



Partiprogram

Sunnfjord Senterparti

2023 – 2027

1 **INNLEIING**

2

3 Sunnfjord Senterparti vil bygge trygge lokalsamfunn med rettferdige og gode
4 kommunale tenester. Vi vil vere ein pådrivar for satsing på kultur og idrett, og
5 skape varige verdiar gjennom våre store naturressursar. Sunnfjord kommune har
6 ein variert arbeidsmarknad som gjev grunnlag for stabilitet og vekst.
7 Senterpartiet vil jobbe for at kommunen skal vere ein pådrivar og lagspelar og
8 støtte opp om initiativ frå innbyggjarar og næringsliv i heile kommunen.
9 Senterpartiet vil hegne om intensjonsavtalen for Sunnfjord kommune.

10 Sunnfjord kommune har ei sentral rolle i Vestland fylke. Vi vil bygge Førde til å bli
11 det viktigaste vekstsenteret mellom Bergen og Ålesund.

12

13 **NÆRING OG STRATEGISK UTVIKLING**

14

15 «Så, gjødsle, hauste»

16 Verda treng meir energi, reint vatn og mat. Noreg treng fleire grønne næringar.
17 Sunnfjord kommune kan gje verda og nasjonen vår litt av det dei treng. Vi treng
18 folketalsvekst og nye arbeidsplassar i Sunnfjord kommune.

19 Sunnfjord kommune skal bli ein motor i eigen region ved å:

- 20 • auke tilgang på arbeidskraft og kompetanse, legge til rette for gode
21 oppvekstvilkår, styrke fag- og høgskuleutdanning, og tilby eit variert
22 fritidstilbod og attraktive og varierte arbeidsplassar, som fører til auka
23 tilflytting og fødselstal
- 24 • styrke lokalt eigarskap, og skape arbeidsplassar på egne naturressursar
- 25 • fullføre utbygginga av Førde sjukehus med planlagde funksjonar, og med
26 dei funksjonar eit sentralsjukehus skal ha
- 27 • arbeide for å desentralisere statlege tenester og arbeidsplassar
- 28 • utvikle Sunnfjord Næringspark til ei drivkraft for areal- og energikrevjande
29 næringar og industri med direkte tilkopling til sentralnettet
- 30 • legge til rette for attraktive nærings- og utviklingsareal, med mål om å
31 skape vekst i heile kommunen
- 32 • arbeide for full mobil- og breibandsdekning til alle i kommunen
- 33 • arbeide for gode vegar og tilkomst for modulvogntog
- 34 • fremje eit godt rutetilbod og god kollektivtransport. I delar av kommunen
35 er det knapt kollektivtransport, bortsett frå skuleruter
- 36 • legge til rette for vekst i reiselivsnæringa, ved å bygge vidare på lange og
37 gode tradisjonar med å nytte den sentrale plasseringa vi har på Vestlandet
38 og i Fjord-Noreg. Sunnfjord kommune har attraktive og varierte



- 39 reiselivsprodukt, men har potensiale til å skape fleire attraksjonar og fleire
40 besøkande
- 41 • støtte opp under eit nytt «Fyrtårn» i norsk reiselivsnæring i Kjørnesfjorden
42 med tilkomst til Jostedalbreen

43

44 **LANDBRUK OG MATPRODUKSJON**

45

46 Sunnfjord kommune er den største landbrukskommunen i Vestland, og har ein
47 stor næringsmiddelindustri både i kommunen og i tilgrensande område. I tillegg
48 er landbruket hovudgrunnlaget for busetting og svært mange arbeidsplassar i
49 heile kommunen.

50 Senterpartiet skal arbeide for å auke produksjonen av rein og trygg mat, og sikre
51 Sunnfjord kommune som landbrukskommune på følgjande vis:

- 52 • jobbe for auka nyinvesteringar i mjølk- og kjøttproduksjon, og legge til rette
53 for å innfri lausdriftskrava for mjølkebøndene i kommunen innan 2034
- 54 • styrke arbeidet med arealfremjande tiltak som nydyrking, arrondering,
55 drenering/jordarbeid
- 56 • styrke verkemiddelapparatet for tilleggsnæringar og næringsutvikling i
57 landbruket
- 58 • arbeide aktivt opp mot foredlings- og næringsmiddelindustrien, for å
59 trygge og utvikle verdiskapinga i landbruket
- 60 • bygge ein rettferdig pris- og bupolitikspolitikk, med mål om å behalde lys i
61 husa, folk i grendene og auke busetnaden
- 62 • skogbruksressursen er stor og stadig aukande i Sunnfjord kommune. Skal
63 ressursen utnyttast, må både kommunalt, fylkeskommunalt og privat
64 vegnett utbetrast og nye vegar byggast
- 65 • legge til rette for forvaltning og foredling av skogressursen lokalt, noko som
66 kan skape viktige industriarbeidsplassar. Her ynskjer Senterpartiet at
67 Sunnfjord kommune må utnytte si sentrale plassering for eit stort omland
- 68 • jordressursane og utmarksressursar må utnyttast betre til produksjon av
69 mat. Då må landbruket få disponere areala som i dag, utan nedbygging av
70 viktige jordbruksareal og bandlegging til vern. Vi må òg legge til rette for
71 ein hjortestamme i balanse med landbruksnæringa, og ei utmark fri for dei
72 store rovdyra



73
74

MINERALPOLITIKK

75 Industriutvikling på Engebø vil gje ringverknadar for heile Sunnfjord kommune.
76 Senterpartiet vil arbeide for at etableringa av gruva vil gje maksimal utteljing for
77 lokalsamfunnet med tanke på miljø, arbeidsplassar og samfunnsutvikling.
78 Kommunen skal vere bevisst sine ansvarsområde innan forvaltinga. Senterpartiet
79 vil jobbe for at overskotsmassar i størst mogleg grad blir brukte til verdiskaping
80 framfor deponering. Det er òg viktig at minerala som blir henta ut blir
81 vidareforedla, for å auke verdiskapinga knytt til mineralutvinning, i eit samarbeid
82 mellom forskning.

83

OPPVEKST OG UTDANNING

84

85
86 Senterpartiet vil arbeide for at Sunnfjord kommune skal vere best på skule, målt
87 på trivsel, lærelyst, kvalitet og skuleresultat. Ein god og desentralisert grunnskule
88 med høg kvalitet er ein av dei mest framtidsretta investeringane vi kan gjere.

89 Samlokalisering av Førde vidaregåande er ei viktig satsing på
90 studiespesialisering, yrkesfag og skulemiljø. Saman med fagskulen og Høgskulen
91 i Vestland vil dette gje ungdommane våre eit breitt og godt opplæringstilbod.
92 Sunnfjord kommune skal vere ein god vertskommune for ungdom på
93 vidaregåande, fag- og høgskulen. Teknologilabben, som er under utvikling på
94 Campus Verftet i Førde, er ei viktig satsing på tekniske fag. Dette er ei stor satsing
95 på yrkesfag og realfag, og det legg til rette for eit nært samarbeid med
96 næringslivet. Senterpartiet vil jobbe for at nasjonalt senter for yrkesfag vert lagt til
97 Sunnfjord. Det må vidare satsast sterkare på spissa volleyballsatsing ved Førde
98 Vidaregåande.

99 Senterpartiet vil:

- 100 • ha høg kvalitet og godt innhald i barnehagen og grunnskulen
- 101 • arbeide for at du får barnehageplass i skulekrinsen
- 102 • ha ein desentralisert skulestruktur
- 103 • satse på tidleg innsats og styrkt tilrettelegging for born og elevar med
- 104 særskilde behov
- 105 • jobbe mot mobbing og hindre fråfall
- 106 • arbeide for at barnehagen og skulen skal vere ein god stad for integrering
- 107 og språkutvikling
- 108 • arbeide for gode IKT-løysingar, og oppdaterte lærebøker og andre
- 109 læremidlar i skulen
- 110 • arbeide for at elevane i grunnskulen får eit godt grunnlag for gjere sine
- 111 yrkesval gjennom ei god rådgjevingsteneste
- 112 • målrette undervisninga inn mot næringslivet og samfunnet sine behov



- 113 • legge til rette for entreprenørskap
- 114 • vektlegge sunt kosthald og fysisk aktivitet i barnehage og skule
- 115 • sikre eit breitt og variert utdanningstilbod
- 116 • bevare 1-10 skule på Skei og Viksdalen
- 117 • støtte opp om agronomutdanninga på Mo
- 118 • bygge ny skule på Sande og fullfinansiere flytting av Førde barneskule og
- 119 Førde ungdomsskule

120

121 **KULTUR, IDRETT OG IDENTITET**

122

123 Sunnfjord kommune har eit variert og rikt kultur- og idrettsliv. Det rommar alt frå
124 profesjonelle aktørar på høgt nivå, til frivillige og amatørar som likar det dei driv med.
125 Dette spennet er viktig å ta vare på. I Sunnfjord kommune har vi mykje kulturarv vi er
126 stolte over.

127 Senterpartiet vil bygge vidare på tradisjonane og kulturarva vår, og samstundes gje plass
128 til det innovative og nyskapande innan kultur og idrett. Identitet er også å høyre til.
129 Senterpartiet vil at Sunnfjord kommune skal vere ein kommune der alle kan kjenne at dei
130 høyrer til.

131 Senterpartiet vil:

- 132 • realisere visningscenter ved Astruptunet og fullføre restaurering av hus og
- 133 hage
- 134 • løfte fram våre nasjonale og internasjonale kunstnarar som Nikolai Astrup,
- 135 Ludvig Eikaas, Kjartan Slettemark og Oddvar Torsheim gjennom bruk og
- 136 utvikling av musea
- 137 • at Teater Vestland skal halde fram som ein viktig kulturinstitusjon.
- 138 Sunnfjord kommune skal vere med å sikre posisjonen som nynorskteater
- 139 og turnerande regionteater i Vestland fylke
- 140 • at Nynorskhuset blir ein stor arbeidsplass og eit viktig utviklingsmiljø for
- 141 nynorsk. Teater Vestland, NRK og Firda har formidling som profesjon, og
- 142 nynorsk som kjernespråk. Senterpartiet vil jobbe for at dette skal bli eit
- 143 knutepunkt for nynorsk kompetanse i Norge, og eit vekstmiljø for aktørar
- 144 og publikum med nynorsk og formidling som felles grunnstein
- 145 • at nynorsk skal vere skriftspråk i Sunnfjord kommune, og ta ei rolle for å
- 146 styrke nynorsken sin posisjon i landet.
- 147 • støtte opp om og legge til rette for frivillig arbeid i lag og organisasjonar
- 148 • støtte opp om arbeid som legge til rette for uorganisert fysisk aktivitet
- 149 • bygge gode miljø slik at kreative og identitetsskapande arrangement og
- 150 festivalar kan plasserast i Sunnfjord kommune
- 151 • satse på vidareutvikling av Sunnfjord Museum i Movika



- 152 • vidareutvikle Sunnfjord kulturskule, og sikre eit kulturskuletilbod som er
- 153 attraktivt og mangfaldsrikt for born og unge i Sunnfjord kommune
- 154 • at breiddeidrett skal vere grunnsteinen for satsing på idrett, og
- 155 samstundes legge til rette for satsing på toppidrett
- 156 • bruke og vedlikehalde idrettshallane i Sunnfjord kommune
- 157 • sikre gode vilkår for varierte idrettsaktivitetar gjennom idrettsplanen, og
- 158 legge til rette for både regionale, nasjonale og internasjonale
- 159 idrettsarrangement
- 160 • utvikle eit nasjonalanlegg for vektløfting. Det vil generere midlar til
- 161 opprusting og vidareutvikling av Førdehuset som idretts- og kulturhus
- 162 • støtte gjennomføring av VM i vektløfting i 2025
- 163 • satse på å vidareutvikle Hafstadparken som idrettsarena
- 164 • realisere nytt symjeanlegg i Førdehuset
- 165 • spele på lag med grendene og idrettslag for å vidareutvikle og
- 166 vedlikehalde dei lokale idrettsanlegga

167

168 **HELSE OG OMSORG**

169

170 Alle i kommunen har rett på verdige og gode helsetenester når behovet er der.
171 Tilbodet skal vere tilpassa den enkelte sine behov og livssituasjon.
172 Førebyggjande arbeid og tverrfagleg innsats er grunnleggjande for å lukkast.

173 Vi vert stadig fleire eldre i Sunnfjord kommune, som i landet elles. Det er viktig å
174 ta høgde for det auka behovet for pleietenester, og tilby tilpassa ytingar. Dei som
175 ynskjer det skal få bu heime så lenge som råd.

176 Senterpartiet vil bygge og utvikle helsetenestene på følgjande måtar:

- 177 • rekruttering av helsepersonell, tverrfagleg innsats og velferdsteknologi er
- 178 avgjerande for å lukkast med eldreomsorga
- 179 • utvide og bygge nye omsorgsinstitusjonar i Førde, der mangelen på
- 180 institusjonsplassar er størst
- 181 • bygge nye omsorgsbustader og styrke dagtilboda for eldre og personar
- 182 med demens
- 183 • kommunale institusjonar skal vere ein ressurs for avlasting for pårørande
- 184 med tyngjande omsorgsoppgåver, og for rehabilitering av menneske med
- 185 funksjonssvikt
- 186 • støtte opp under frivillige organisasjonar som eit viktig supplement til
- 187 offentleg helse- og omsorgstilbod
- 188 • styrke barnevernet, og ha eit godt og systematisk samarbeid på tvers av
- 189 etatane



- 190 • kommunen skal arbeide aktivt og tverrfagleg for å førebygge og ha tidleg
191 innsats innan rus og psykisk helse
192 • folkehelsearbeid skal vere gjennomgåande for alt arbeid i kommunen
193 • støtte opp om samordningsmodell for lokale førebyggjande tiltak mot rus
194 og kriminalitet (SLT)
195 • jobbe for å styrke Husbanken sine støtteordningar

196

197 **DEN NORSKE KYRKJA**

198

199 Senterpartiet ynskjer å støtte og oppretthalde ei open, inkluderande og romsleg
200 folkekyrkje, og hegne om den kristne trusarven. Kyrkjene i Sunnfjord kommune
201 er våre viktigaste historiske bygg, og kyrkja er ein viktig del av kulturlivet i
202 kommunen. Desse verdiane må takast vare på.

203 Senterpartiet meiner at vi må ha eit nært samspel mellom kyrkja og kommunen.
204 Kyrkja må få gode arbeidsvilkår, slik at dei kyrkjelege anlegga og deira funksjonar
205 vert ivaretekne på ein god og verdig måte.

206

207 **ANDRE TRUS- OG LIVSSYNSSAMFUNN**

208

209 Senterpartiet meiner at vi skal ha eit ope og inkluderande samfunn. Senterpartiet
210 ynskjer å støtte opp under tiltak som tek i vare utøving av ulike trus- og
211 livssynssamfunn. Vi vil jobbe for at det vert etablert livssynsnøytrale
212 seremonirom, og at det vert lagt til rette for alternative former for gravlegging.



213
214

KLIMA OG MILJØ

215 Vi står overfor store utfordringar med klima og miljø, både lokalt og globalt.
216 Behovet for fornybar energi aukar, og den rike delen av verda har eit forbruk som
217 ikkje tek omsyn til at jorda har avgrensa ressursar. Vi må alle bidra til å redusere
218 våre fotavtrykk. Landbruk og transport sit med mange av løysingane for å binde
219 og redusere klimagassutsleppa. Målet om eit nullutsleppssamfunn kan finne si
220 løysing gjennom metanproduksjon, auka skogvolum og jordbinding av karbon.

221 Senterpartiet vil jobbe for å:

- 222 • auke satsinga på energieffektivisering og ENØK-tiltak
- 223 • legge til rette for auka elektrifisering i transportsektoren, næringslivet og
- 224 kommunen si verksemd
- 225 • arbeide for nullutslepp frå byggeprosjekt i Sunnfjord kommune
- 226 • bruke meir treverk som byggemateriale i framtidige byggeprosjekt
- 227 • redusere bruken av ikkje-fornybart materiale, og auka ombruk av
- 228 byggemateriale
- 229 • skape meir lokal næring gjennom avfallshandtering, gjenvinning og
- 230 sirkulærøkonomi
- 231 • redusere tap av natur og ta vare på naturmangfaldet
- 232 • arbeide for bevaring av trua artar og naturtypar på raudlista
- 233 • styrkje arbeidet mot spreiding av framande artar

234

ENERGIPRODUKSJON

235
236

237 Sunnfjord kommune er ein stor produsent av fornybar energi. Pr. 2023 ligg
238 produksjonen på vel 1 TWh. Det er estimert at samfunnet har eit aukande behov
239 for meir fornybar energi i framtida. Sunnfjord har føresetnader for å kunne skape
240 ytterlegare verdiar i den samanheng. Vi har eit klima i endring som aukar behovet
241 for flaumsikring, som i sin tur kan nyttast til energiproduksjon.

242 Senterpartiet vil jobbe for å:

- 243 • nytte naturressursane til å produsere meir rein og fornybar energi på ein
- 244 berekraftig måte
- 245 • utnytte potensiale for å effektivisere eksisterande kraftverk
- 246 • bygge ut meir vasskraft og satse på solenergi
- 247 • satse på energiproduksjon gjennom bioenergi og metangassenergi i
- 248 landbruket og andre næringar
- 249 • sikre at kommunen har det avgjerande ordet i vindkraftsaker
- 250 • sikre at alle sider av vindkraft på land er grundig utgreidd før avgjerd
- 251 • grunneigarar og bygdefolk sitt syn skal vere retningsgjevande



252

253
254

SAMFERDSEL OG MOBILITET

255 Utviklinga i Sunnfjord kommune er avhengig av gode vegar og kommunikasjonar,
256 og god regularitet på kollektivtilbodet. Både det nasjonale, fylkeskommunale og
257 kommunale vegnettet må styrkast for å sikre ein positiv vekst i Sunnfjord
258 kommune. Det er viktig at overskotsmassar frå store tunnelprosjekt på E39 og
259 Rv5 vert nytta til samfunnsnyttige føremål. Gode gang- og sykkelvegar kring
260 tettstadene og trygge skulevegar er avgjerande for å auke trafikktryggleiken i
261 kommunen. Sunnfjord kommune skal oppfylle krava til *Trafikksikker kommune*
262 utarbeida av Trygg Trafikk.

263 Sunnfjord Senterparti vil arbeide for følgjande tiltak på vegnettet i kommunen:

264

Kommunale vegar:

- 266 • utarbeide ein plan for oppgradering av dei kommunale vegane
- 267 • mål om asfalt på alle kommunale vegar
- 268 • gjennomføre alle tiltaka i Førdepakken
- 269 • jobbe for at kommunale vegar kan oppgraderast til 10 tonn akseltrykk for å
- 270 styrke næringsgrunnlaget i bygdene
- 271 • sikre like forskrifter for dei kommunale vegane
- 272 • parkerings- og trafikkarealet må utviklast i tråd med veksten i og omkring
- 273 Førde sentrum
- 274 • sikre ei mest mogeleg einsarta parkeringsordning for korttidsparkering
- 275 • sikre gratis innfartsparkering til Førde

276

Fylkesvegar – Senterpartiet vil jobbe for å:

- 278 • oppgradere Fv57 Storehaug – Bygstad – Dale
- 279 • ruste opp Fv611 så vegen taklar auka pendlartrafikk
- 280 • flaumsikre Fv453 i Stardalen
- 281 • bygge tunell under Rørvikfjellet på Fv613
- 282 • rassikre Fv610 i Matbjøra
- 283 • ras- og flaumsikre fylkesvegane i kommunen
- 284 • finne løysingar for mjuke trafikantar gjennom Kvernbergtunnelen



285 **Riksveggar/Europavegar - Senterpartiet vil jobbe for at:**

- 286 • E39 Storehaug – Førde vert starta opp og kjem inn i statsbudsjettet for
287 2024
- 288 • E39 mellom Førde - Moskog - Vassenden kjem inn i NTP* ved neste
289 rullering
- 290 • E39 Skei – Grungen kjem inn i NTP* ved neste rullering

291

292 **Rassikring av riksveggar - Senterpartiet vil jobbe for at:**

- 293 • Rv5 Førde – Naustdal vert rassikra med tunell og klargjort for oppstart
- 294 • E39 Klakegg – Byrkjelo kjem inn i NTP*
- 295 • E39 Skjervsura – Ålhus kjem inn i NTP*

296 * NTP = Nasjonal Transportplan

297

298 **Aktuelle område for bruk av overskotsmasser frå store tunnelprosjekt på E39 og**
299 **Rv5:**

- 300 • punktutbetring på Fv57 Storehaug – Bygstad
- 301 • djupvasskai og næringsområde i Erdalen
- 302 • badestrand i Førde
- 303 • forlenge rullebana på Bringeland
- 304 • næringsområde ved E39

305

306 **Kollektivtransport**

307 Senterpartiet vil arbeide aktivt for å utvikle eit framtidsretta og godt
308 kollektivtilbod i Sunnfjord kommune som er tilpassa dei ulike behov som
309 innbyggjarane har. Spesielt må rutetilbodet leggast til rette for ungdom,
310 yrkespendlarar og flyktningar sine mobilitetsbehov. Senterpartiet vil jobbe for:

- 311 • eit utvida bybusstilbod i Førde
- 312 • skyttelbuss mellom Førde sjukehus - Høgskulen - Firda Billag - Øyrane
- 313 • pendlarbuss frå tettstadane til Førde
- 314 • behalde og styrke tilbodet "ungdomskortet" og aktivt bruke ordningar som
315 ungrtransport for å styrke fritidstilbodet i by og bygd
- 316 • behalde og vidareutvikle bruken av ordninga "Trygt heim for ein 50-lapp",
317 oppretthalde serviceskyss i heile kommunen og utvikle eit fleksibelt
318 skysstilbod for ungdom
- 319 • sikre eit godt taxitilbod i kommunen
- 320 • jobbe for fleksible skysordningar i bygdene



- 321 • legge til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne kan kome seg
322 ut i naturen gjennom til dømes helikoptertransport/scootertransport

323

324 ***Førde Lufthamn, Bringeland***

325 Senterpartiet vil oppretthalde og utvikle rutetilbodet ved Førde Lufthamn i tråd
326 med behova til næringslivet og folk i regionen. Senterpartiet vil arbeide for at:

- 327 • flyrutene på Førde Lufthamn er ein del av FOT-rutenettet
328 • flyruta Førde-Bergen kjem inn att som FOT-rute
329 • strekninga Førde-Bergen blir pilot for null- og lågutsleppsteknologi
330 • tilpassa flytider og god frekvens på flyrutene både mot Oslo og Bergen



331
332

AREALBRUK

333 Sunnfjord kommune er ein stor kommune målt i areal, men produktivt
334 jordbruksareal er ein knapp ressurs som vi har eit særskilt ansvar for å ta vare på.
335 Mykje av den beste matjorda finn vi i eller i nærleiken av tettstadane våre. Desse
336 areala er under press ved bygging av vegar, bustader, næring og andre føremål.
337 Senterpartiet vil arbeide for eit aktivt jordvern der matjorda vert teken vare på.
338 Omsynet til utbygging av næring, infrastruktur og bustader må balanserast mot
339 omsynet til å produsere mat. Sunnfjord kommune har store areal som er
340 bandlagde gjennom vern. Sunnfjord Senterparti meiner det beste vern er
341 gjennom aktiv bruk og forvaltning av naturen. Stølane er ein viktig del av garden
342 og landbruket sitt kulturlandskap.

343 Senterpartiet vil arbeide for:

- 344 • å legge til rette for bustadbygging i grendene, gjennom god planlegging
- 345 og attraktive tomter tilpassa ynskje om å bu landleg
- 346 • at vi gjennom reguleringsplanar legg til rette for allmennyttige formål
- 347 både på land og ved fjorden, til dømes badestrender, båthamner og
- 348 turstiar
- 349 • å legge til rette for turvegar i utmark i samarbeid med grunneigarane
- 350 • å oppretthalde bruken av stølsområda
- 351 • at det ikkje vert etablert nye verneområde, eller at eksisterande
- 352 verneområde vert utvida
- at det blir lagt vekt på samfunnstryggleik og beredskap tilpassa klimaendringane i nye og eksisterande byggeområde



353
354

BY- OG TETTSTADUTVIKLING

355 Senterpartiet vil legge til rette for ei god utvikling i Førde by og tettstadane i
356 kommunen. Målet er levande og attraktivt sentrum med gode bu- og
357 oppveksttilhøve, sosiale møteplassar, varierte arbeidsplassar, eit godt
358 utdanningstilbod og ei sterk handelsnæring. Dette vil vere viktig for å utvikle
359 Førde som by og vekstsenter.

360 Senterpartiet vil arbeide for å:

- 361 • fortette bustadbygginga i Førde sentrum gjennom å kombinere næring og
- 362 bustad
- 363 • sikre grønne lungar i bymiljøet
- 364 • legge til rette for sosiale møteplasser
- 365 • legge til rette for at studentane tek del i bymiljøet
- 366 • utarbeide sentrumsplan for Førde, og områdereguleringsplaner for
- 367 tettstadane i kommunen
- 368 • legge til rette for sentrumsnære einebustadtomter i tettstadene
- 369 • sikre gode bustader og bumiljø i alle livsfasar og stimulere til differensiert
- 370 bustadmarknad i ulike delar av kommunen





SUNNFJORD SENTERPARTI

**FOR DEG SOM YNSKJER VEKST OG UTVIKLING
I TRYGGE RÅMER, DER ENKELTMENNESKET
STÅR I FOKUS OG DER ALLE KJENNER SEG
SOM DEL AV SUNNFJORD KOMMUNE**

GODT VAL!